



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hallvard Hageberg, 5557 2318

Alver kommune, tips om mottak av knust betong

Statsforvaltaren har i dag motteke eit tips på telefon. Nedanfor er eit utdrag:

Når ein kjører frå Vågseidet og vidare mot Lindås/Mongstad er det eit område på høgre sida rett før ein kjører inn i Lyngfjelltunnelen. Der opplyser innringjar at der er eit mottak som tar mot m.a. knust betong. Innringjar lurar på om det er gjeve løyve til eit slikt mottak.

Statsforvaltaren har ikkje gjeve noko slikt løyve.

Vi ber kommunen om å vurdere om dette er ulovleg avfallshandtering og brot på forureiningslova § 28, og ev. følgje opp saka etter § 37. Kommunen er forureiningsstyresmakt for oppfølging av forsøplingssaker og ulovleg lagring av brukte gjenstandar. Kommunen kan gje pålegg om å rydde opp i avfall og liknande, eller utføre opprydding og krevje refusjon for kommunens utlegg.

Saksgangen i slike saker vil vere at kommunen tek stilling til klagen og gjer eit vedtak etter forureiningslova om anten å pålegge opprydding eller ikkje. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Vi viser til <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/forsopling> for informasjon om regelverket og korleis kommunen kan gå fram for å følgje opp saka. Statsforvaltaren kan også gje rettleiing om regelverket.

Vi ber om tilbakemelding på utfallet av saka.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent